

## Referat FAU-møte Bryne skule

**Tid:** Måndag 08.01.24 kl.19.00-20.30

**Stad:** Bryne skule, møterom

**Til stades:** Jone Sjøvold, Kay Even Sjøvold, Marit Lothe, Stig Jespersen, Jarl Ove Frivold, Lina Bryne Larsen, Roy Flataukan Hustoft og Toril Øgreid

**Sakar:**

### **1/24 Velkommen til ny rektor**

Jone presenterer seg sjølv. Har jobba på Bryne skule for 20 år siden. Har arbeida i Time kommune tidlegare. God start, positive folk. Godt å kome til Bryne skule. Har vore ei veke og er i gang med å få seg oversikt. Har vore rundt i klassane og var med på planleggingsdag med personalet 2.januar. Kjem til å vere med ein halv dag på kvart trinn dei neste vekene. Positivt med å starte midt i året er å vere med på planlegging av neste skuleår. FAU ser fram til eit godt samarbeid.

FAU etterspør avdelingsleiar - 6 søkerar, 2 veldig gode som vart innstilt. Nummer 1, Elin Ånestad, takka ja. Ho er per dags dato avdelingsleiar på Undheim og startar opp 18.mars.

FAU ønsker orientering rundt kartleggingsprøvar/nasjonale prøvar og elevundersøkinga/foreldreundersøkinga på neste FAU-møte.

### **2/24 Foreldremøte vår - dato og innhold**

Skal me ha store allmøter som i fjar når me hadde Barnevakten inne? Dårleg oppmøte og diverre ikkje det beste foredraget. Jone undersøker kva for nokre ressurser som er tilgjengelege i kommunen. FAU kan betale for ekstern foredragsholder. Grensesetting, sosial kompetanse? Lesing? Kan biblioteket komme og snakke om leseglede?

FAU gir innspel om at det er stort forbettingspotensiale i foreldremøtene på Bryne skule. Kan det vere mogleg å tildele tema til foreldremøtene på ulike trinn? Jone tek innspela til FAU med seg tilbake til personalet. 7.trinn har spesielt behov for å få god informasjon om overgangen.

FAU sjekker med klassekontaktane på sitt trinn om dei har ønskjer til tema på foreldremøte denne våren.

Beslutning på neste FAU-møte.

### **3/24 Film - elevane ser mykje film under måltida og elles som belønning på enkelte trinn**

Fri Ipad og film som belønning på enkelte trinn. Mykje film i måltida på fleire trinn. Dette er FAU kritiske til. FAU tenkjer dette er unødvendig skjermbruk. Det skjer at elevane gløymer å ete pga filmen. Måltidet kan vere ein sosial arena, nyttes til høgtlesing og dersom det skal vere skjerm må dette vere eit bevisst val frå den vaksne/skulen.

#### **4/24 Klassekasse på trinna**

FAU vippes har vore bruk til innsamling klasse/trinnkasser. Haldning til klassekasser? FAU tenkjer det er greitt. Anbefaling til FAU om frivilleg innbetaling og at det er lurt med trinnkasser. FAU dekker opp til 15000kr av 7.klassefesten, resten av trinnkassene blir brukt til å dekke resten. Fest og sosialt arrangement er det vanlege. Trinnkassene blir også brukt til arrangement av klassekontaktane. FAU dekker inntil 15000kr, klassekontaktane arrangerer og organiserer i samarbeid med skulen.

#### **5/24 Ekstra kos på ulike dagar - ulik praksis på trinna**

Innspel frå FAU om at det er stor forskjell på trinna.

#### **6/24 Elevkveld planlegging**

Skulen informerer elevar/føresette dersom skulen tenkjer det er lurt at eleven har med seg ein føresett på elevkvelden.

Toril redigerer og sender ut invitasjonar til elevkveldane. Informasjonen må ut i løpet av veka.

9.februar: Marit tek med kaffitrakter, Lina er informasjonsansvarleg, Kay Even er brannvakt

16.februar: Jan Ove, Toril tek med kaffitrakter, Stig informasjonsansvarleg og Roy er brannvakt

Redigere bestilling klassekontakter: A-klassen tek med 2x20 med pizzasnurrer eller anna salt uten svinekjøtt. Dei andre klassane tek med 2x20 med søtt. 1 per trinn tek med gluten/mjølke/nøttefri kake eller liknande.

FAU ordner med brannvakt og klasseliste, dette treng ikkje klassekontaktane tenkje på. Toril ber Gunn-Rita om å få tilsendt alle klasselistene.

1.trinn og 2.trinn FAU-representant ber kontaktlærarane informere om kva elevakveldane er på vekeplanen.

Telefonfritt arrangement!

50kr

Lina undersøker pris på brus og juice.

#### **7/24 Eventuelt**

- FAU foretrekker visma som kommunikasjonskanal, men er positive til oppgradering og meir bruk av heimesida.
- Årshjul
- Messengergruppe
- Delt arkiv

Neste FAU-møte **måndag 05.02.24 kl.19-20.30** møterom, Bryne skule

**Sakar til neste FAU-møte:**

- Kartleggingsprøver/nasjonale prøver, elev/foreldreundersøkinga
- Foreldremøte vår
- Elevkveld gjennomføring
- SU/SMU-møte, etterspørre KfU, 17.mai-komiteen

Referent: Toril Øgreid